



Arkivsaksnr.:
2022/5223

Dokumentdato:
05.06.2023

Styre:
Fakultetsstyret ved Det psykologiske fakultet

Styresak:

Møtedato:
15.06.2023

Oppretting av fast reielegheitsutval ved Det psykologiske fakultet

Bakgrunn

For å styrkja arbeidet med å oppdaga, handsama og rapportera saker om mogelege brot på forskingsetiske normer og uheiderleg vitskapleg framferd, krev UiB at det skal opprettast faste reielegheitsutval ved kvart fakultet, jamfør vedtak i Universitetsstyret i sak 11/23 (2.2.2023).

Fakultetsstyret skal utnemna organet. Det må ha minst tre medlemmer og skal leiast av prodekan med ansvar for forskning. Utvalet må ha naudsynt kompetanse i forskning og forskingsetikk, jamfør §6 i «Retningsliner for handsaming av saker om mogeleg brot på forskingsetiske normer ved UiB».

I skrivandes stund er FFU den lokale forskingsetiske komiteen ved fakultetet. Etter søknad vurderer FFU om prosjektskildringar for prosjekt som ikkje er helseforskning, tykkjest å vera utarbeidde i tråd med god forskingsetisk praksis. Hovudformålet med denne ordninga, er å gje forskarane ein attest på at andre enn forskaren sjølv har vurdert forskingsetikken i prosjektet. Tidsskrift krev ofte ein slik attest før publisering, men også i andre høve kan den bli etterspurt. FFU-ordninga er såleis prosjekt- og forskingsorientert. Så langt i 2023, har sju søknader blitt handsama.

Reielegheitsutvalet som UiB no krev oppretta ved kvart fakultet, skal handsama saker om forfalsking, fabrikkering og plagiering, men også samlekategorien «andre alvorlege brot på forskingsetiske normer». Hovudfokuset er såleis ikkje å vera eit sørvis-organ ved fakultet som vurderer forskingsetikken i bestemte prosjekt, men å vera eit sakshandsamande organ for saker om mogelege brot på forskingsetiske retningsliner.

FFU vil framleis ha oppgåva knytta til å vurdere om einskildprosjekt er i tråd med gjeldande forskingsetiske normer.

Mandat

Reielegheitsutvalet skal

- Arbeida for å fremja kunnskap om forskingsetikk og førebyggja ureielegheit i forskinga.
- Handsama saker om mistanke om brot på forskingsetiske normer og saker om vitskapleg ureielegheit knytt til vitskapleg verksemd eller tilsette ved Det psykologiske fakultet.
- Utvalet kan ta opp saker på eige initiativ.
- Utvalet skal orientera FFU, fakultetsstyret og universitetsstyret ved å leggja fram ei årsmelding om arbeidet.

Samansetting

- Utvalet skal ha minst tre medlemmer, og prodekan for forskning skal vera leiar. Utvalet må ha naudsynt kompetanse i forskning og forskningsetikk. Ein kan utnemna ein medlem som ikkje er tilsett ved fakultetet. Dersom ein treng det, kan dekanen utnemna ein ad hoc medlem.
- Funksjonstida følgjer dekanperioden.
- Assisterande fakultetsdirektør er sekretær.

Saka har vore handsama i FFU i møte 07.06.23 og utvalet blei bedt om å føreslå namn til eit reielegheitsutval. Prodekan fikk fullmakt til å føreslå eit slik utval for fakultetsstyret på bakgrunn av forslaga frå FFU.

Følgjande reielegheitsutval har på bakgrunn av dette blitt føreslått:

- Professor Karsten Specht, prodekan (leiar)
- Professor Gisela Böhm, ISP
- Professor Per-Einar Binder, IKP

Medlemmene er forespurde og har sagt ja til oppdraget.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret oppnevner følgjande medlemmer til reielegheitsutval ved Det psykologiske fakultet:

- Professor Karsten Specht, prodekan (leiar)
- Professor Gisela Böhm, ISP
- Professor Per-Einar Binder, IKP

Norman Anderssen
dekan

Ove Chr. Borge
fakultetsdirektør

07.06.2023 /ATJ

Vedlegg: Brev fra UiB



Fakultetene og museet

Referanse

2022/5223-SILSÆ

Dato

21.02.2023

Nye retningslinjer for behandling av saker om mulige brudd på anerkjente forskningsetiske normer ved Universitetet i Bergen og opprettelse av faste lokale redelighetsutvalg ved hvert fakultet

Høsten 2022 la en styringsgruppe bestående av Det sentrale Redelighetsutvalget fram forslag for å styrke den forskningsetiske innsatsen ved UiB, herunder forslag til nye retningslinjer for behandling av saker om mulige brudd på anerkjente forskningsetiske normer ved UiB. Forslagene har også blitt drøftet i dekanmøte.

Universitetsstyret vedtok nye retningslinjer i styremøte 2. februar 2023. Retningslinjene er en videreføring av tidligere retningslinjer, med enkelte vesentlige endringer. De tydeliggjør roller, ansvar og oppgaver knyttet til mottak av meldinger og behandling av saker om mulig vitenskapelig uredelighet ved UiB. Følgende punkter utgjør endringer sammenlignet med tidligere retningslinjer:

- Instituttleder er mottaker av meldinger om mulige brudd på anerkjente forskningsetiske normer.
- Faste, lokale redelighetsutvalg opprettes ved hvert fakultet.
- UiBs rapporteringsplikt til Granskingsutvalget tydeliggjøres.
- Bistand til å gjenopprette omdømme til forskere som feilaktig er beskyldt for uredelighet er tatt inn i en egen bestemmelse.

Opprettelse av faste lokale redelighetsutvalg ved hvert fakultet

For å styrke UiBs arbeid med å oppdage, behandle og rapportere om saker om mulige brudd på anerkjente forskningsetiske normer og vitenskapelig uredelighet skal det opprettes faste, lokale redelighetsutvalg ved hvert fakultet som skal utrede sakene. Retningslinjene oppstiller følgende krav til utvalgenes oppnevning, sammensetning og kompetanse:

§ 6. Lokalt redelighetsutvalg

Fakultetsstyret skal oppnevne et lokalt redelighetsutvalg. Utvalget skal ha minst tre medlemmer og ledes av pro/visedekan med ansvar for forskning. Utvalget må ha nødvendig kompetanse i forskning og forskningsetikk. Det kan oppnevnes ett medlem som ikke er ansatt ved fakultetet. Ved behov kan dekanen oppnevne et ad hoc medlem til utvalget.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

De lokale redelighetsutvalgene bør etableres i løpet av våren 2023 med tanke på oppstart høsten 2023. Informasjon om utvalgssammensetningen bes sendes til sekretariatet for Redelighetsutvalget ved UiB (silje.setre@uib.no og helge.hovik@uib.no).

Det er også utviklet en ny nettside om forskningsetikk, www.uib.no/forskningsetikk, som samler relevant informasjon om forskningsetikk, nasjonale og lokale retningslinjer, rutiner og kurs.

Dersom det er spørsmål knyttet til de nye retningslinjene, kan det faste [sekretariatet](#) for Redelighetsutvalget ved UiB kontaktes.

Vennlig hilsen

Margareth Hagen
rektor

Tore Tungodden
fung. universitetsdirektør

Vedlegg:

[Nye retningslinjer for behandling av saker om mulige brudd på anerkjente forskningsetiske normer ved Universitetet i Bergen](#)